

Hej!

Jag har tittat över den nynorska språkversionen av Ett halvt ark papper och ber att få lämna några förslag på rättelser (markerade med gult nedan, i fotnoten har jag angett mitt förslag. På det hela taget en fin översättning!

Med all möjlig ödmjukhet

Einar Spetz

Eit halvt ark papir

Det siste flyttelasset hadde gått; leigebuaren, ein ung mann med sørgjeband på hatten, vandra enno ein gong gjennom husvêret for å sjå om han hadde gløymt noko.–Nei, han hadde ikkje gløymt noko, absolutt ingenting; så gjekk han ut i gangen fast bestemd på ikkje å tenkja meir på det han hadde opplevt i denne bustaden. Men sjå, i entréen, ved sida av telefonen, var eit halvt papirark festa; og det var tettskrive med fleire ulike handskrifter, noko klårt og tydeleg med blekk, noko nedskribbla med blyant eller raudpenn. Der stod det, heile denne vakre saga, som hende her på den korte tida av to år; alt han ville gløyma stod der; eit stykkje menneskeliv på eit halvt ark papir.

Han tok ned arket; det var den der typen solgult kladdepapir som det lyser av. Han la det på hylla på kakkelomnen i stova, og leste medan han luta seg over det. Først stod namnet hennar: Alice, det vakraste namnet han då kjende til, for di det var truloveden sitt namn. Og nummeret – 1511. Det såg ut som eit salmenummer i kyrkja. Så stod det: Banken. Det var arbeidet hans, det heilage arbeidet, som gav **brød**¹, heim og ektefelle, sjølve grunnen i tilværet. Men det var stroke over! For di banken hadde falle, men han hadde vorte redda over til ein annan bank, **sjølom**² det først var etter ei kort tid med mykje uro.

Så kom det. Blomsterhandelen og leigekusken. Det var trulovinga, då han hadde lommene fulle av pengar.

Så følgjde: møbelhandlaren, tapetseraren: han set bu. Flyttebyrået: Dei flyttar inn.

Billettkontoret på operaen: 5050. Dei er nygifte og går på operaen om søndagane. Deira beste stunder då dei sjølve sit stille, og møter kvarandre i venleik og harmoni i sogelandet på hi sida sceneteppet.

Her følger namnet på ein mann som er stroke over. Det var ein ven som hadde nått ein viss posisjon i samfunnet, men som ikkje kunne bæra lykka, men i staden fall, hjelpelaust, og måtte reisa langt vekk. Så skjøyrt er det.

Her viser det seg at noko nytt har kome inn i ektemakane sitt liv. Det står med jenteskrift og med blyant: «Kona». Kva **kona**³? – Jau, ho med den store kapp og det venlege, medkjennande andletet, som kjem så stilt og aldri går gjennom stova, men tek vegen gjennom gangen til soverommet.

Under namnet hennar står Doktor L.

For første **gängen**⁴ dyk her opp namnet på ein slektning. Det står «Mamma». Det er **svermora**⁵ som diskret har halde seg vekke for ikkje å uroa dei nygifte, men som no vert kalla på i nauda, og kjem med glede sidan ho **trengs**⁶.

1 brød

2 sjølv om

3 Kone Obestämdform, sing.

4 gongen

5 svigermora

6 trengst

Her byrjar mykje rabbel med blått og raudt. Arbeidskontoret: hushjelpa har flytta eller skal ei ny verta **anstelt**⁷? Apoteket. Hm! Det mørknar! Meieriutsalet. Herifrå vert mjølk, tuberkelfri, rekvirert.

Krydderbua, slaktaren etc. Huset tek til å verta teke hand om på telefon; då er ikkje husmora på plass. Nei. For di ho ligg til sengs.

Det som etterpå følgde kunna *han* ikkje lesa for det tok til å verta dimt for augo på han som det måtte gjera for den som er i ferd med å drukna på havet, når han **ska**⁸ sjå gjennom salt vatn. Men der stod: Gravferdsbyrået. Det seier nok. – Ei større og ei mindre, som tydde: kista. Og i parentes var det skrive: av støv. Så stod der ikkje meir! Støv slutta det med; og det gjer det.

Men han tok solpapiret, kyste det og la det i brystlomma si.

På to **minuttar**⁹ hadde han **opplevt**¹⁰ igjen to år av livet sitt.

Han var ikkje bøygd då han gjekk ut; nei, han bar hovudet høgt, som eit lykkeleg og stolt menneske for han kjende at han trass i alt hadde eigd det vakraste. Kor mange stakkarar er det ikkje som aldri har fått røyndet!

7 tilsett

8 skal

9 minutt

10 Opplevd